



# Friskis&Svettis Florø

## ÅRSMØTE 21.mars 2012 kl. 18.30

Stad: Kinn Regnskap

Det var 15 medlemmar frammøtte

### Tema: Naprapati v/ Kay Åge Jacobsen

Vi fekk ei grundig innføring i kva naprapati er, korleis det har utvikla seg historisk og kva som kan skje angående offentleg godkjenning.

1. Godkjenning av innkalling  
Innkallinga vart godkjend
2. Godkjenning av frammøtte representantar  
15 medlemmar reknar vi som eit godt frammøte
3. Val av møteleiar  
Heidi V. Nygård vart vald
4. Val av referent  
Tone Aasrud vart vald
5. Underteikning av protokoll ,2 stk.  
Kjersti Standal Reksten og Anne Ramstad vart valde
6. Årsmelding 2011  
Heidi delte ut og las opp årsmeldinga som vart godkjend med små korrigeringar
7. Revidert rekneskap 2011  
Mette orienterte om rekneskapen. Ut frå resultat med underskot i 2010, var vi godt nøgde med eit overskot på 25 000 kr. Nedgang i halleige og for mykje betalt i 2010, ga det meste av overskotet i tillegg til lågare utdanningskostnadar. Inntekt på treningsavgift har gått noko ned, så det er viktig med ny rekruttering. Revisor hadde ikkje andre kommentarar og rekneskapen vart godkjend.
8. Handlingsprogram 2012
  - \*Vi utdannar to nye basisinstruktørar, Mette og Rita skal på utdanning no i vår
  - \*Vi tenker å opprette eit eige fora for instruktørane. Bergljot leier arbeidet med å få dette i gang og blir også leiar av instruktørforaet. Dei kjem bl.a. med innspel til styret når det gjeld treningsopplegg og fordeling av timane.
  - \*Vi kjøper rekneskapsteneste og set av 4000 kr til dette i 2012
  - \*Rørisinstruktørane er opne for oppdrag og oppdatering
  - \*Vervekampanjer: Det kjem idear om bla. å ha ein runde på vidaregåande, enten

på dei opne kveldane eller for idrettsklassen. Instruktør-fora diskuterer også om dei kan vere opne for å ha treningsøker for personalgrupper og andre. Dei foreslår i tilfelle ein pris/kompensasjon for dette. Kanskje kan vi også gjere noko meir innanfor folkehelsearbeidet? Vi vurderer også ein open dag med ulike aktivitetar som eit tilbod til mosjonistane, i vår eller til hausten

\*Treningstider i vår og sommar:

I mai reduserer vi treningstidene noko. Heidi gir melding til Florahallen og til Cecilie som oppdaterer nettsida vår. Siste innetrening blir 08.juni. Vi har sommartrening ute på tysdagane slik som i fjor, klokka 1830-1930. Bergljot og Sigrunn lagar eit oppsett over instruktørar og vertar

\*Vi satsar på at Alle instruktørane er med i 2012, og kanskje kan også Kristine ha høve til å bli med igjen til hausten

9. Fastsette medlemskontingent

Vi held på same kontingent-satsane som vi har no, og som vart vedteke på det ekstraordinære årsmøtet.

10. Budsjett for neste periode

Bergljot gjekk gjennom framlegget til budsjett. Det vart godta

11. Valg

Bente Fure la fram valnemnda sitt framlegg som vart godteke utan endring og ved akklamasjon. Heidi går på eit år til som leiar og årsmøtet er svært godt fornøgde med det! Bergljot er den einaste som går ut av styret, og ho fekk blomster og honnør for flott innsats. Aud går inn i styret i staden for. Mette held fram som kasserar, men no med rekneskaphjelp. Tone held fram som skrivar,, men fekk godkjend at ho kan ha høve til å gå ut av styret etter eit år.

Referent

Tone Aasrud

Underskriving av protokollen:

Florø, 23.03.2011

---

Kjersti Standal Reksten

---

Anne Ramstad

## Friskis&Svettis Florø – val 2011

Verv:	Namn:	Val 2010	Val 2011	Val 2012
Leiar	Heidi V.Nygård	Attval 1 år	Attval 1 år	Attval 1 år
Nestleiar	Rita Gamlestøl	Attval 2 år	Attval 2 år	Ikkje på val
Styremedlem/verteansv	Sigrun Larsen	Ikkje på val	Attval 2 år	Ikkje på val
Styremedl/treningsleiar	Bergljot Osland	Attval 2 år	Ikkje på val	Ny: Aud Bang Olsen
Styremedlem/sekretær	Tone Aasrud	Attval 2 år	Ikkje på val	Attval 1 år
Styremedlem/kasserar	Mette Reksten Solheim	Nyval 2 år	Ikkje på val	Attval 2 år
Vara	Mariann Nordstrand	Attval	Attval	Attval
Vara	Aud Bang-Olsen	Attval	Attval	Ny: Reidar Holm Hansen
Vara	Rune Bortne	Nyval 1 år	Attval	Attval
vara	Henning Christensen		Nyval	Attval
Revisor	Kari Larsen	Ikkje på val	Attval 2 år	Ikkje på val
Revisor - vara	Turid Weckhorst	Ikkje på val	Attval 2 år	Ikkje på val
Valkomité	Guri Langaas	Ikkje på val	Går ut	
Valgkomite	Anita Solbakken	Ikkje på val	Vara valkomité	Ny vara: Kari Liseth
Valgkomite	Irene Hjorthol	Ikkje på val	Attval 2 år	Ikkje på val
Valkomité vara	Turid Weckhorst	Attval 1 år	Går ut	
Valkomité	Bente Fure		Nyval 2 år, leiar	Ikkje på val

Florø 23.03.2011

Bente Fure  
Leiar i valnemnda